

Riksscene - for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

VEDTEKTER

Oslo 20. september 2007

§ 1 Namn

Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans (Norwegian hub for traditional music and dance), er ei stifting med sete i Oslo. Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Norsk Folkemusikk- og Danselag, Noregs Ungdomslag og Samspill International Music Network står bak stiftinga.

§ 2 Føremål

Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans (Riksscenen) har til føremål å vere ein nasjonal møteplass for aktørar innanfor sektoren og publikum.

§ 3 Verksemd

Føremålet for stiftinga skal vi nå ved å vere:

- ein scene for tradisjonell og eksperimentell norsk og samisk folkemusikk og folkedans, og folkemusikk og folkedans med utanlandsk opphav
- ein profesjonell scene
- ein aktiv formidlar
- ein profesjonell og kompetent produksjonsstad
- ein bruyggjar mellom aktørar og formidlarar innafor heile sektoren i Noreg, og tilsvarende miljø utanlands.

Den munnleg traderte eller stadeigne norske folkemusikken og folkedansen, saman med joik og tradisjonell folkemusikk og folkedans med utanlandsk opphav, skal utgjere kjernerepertoaret i Riksscenen si verksemd. Eksperimenterande prosjekt og populariserte former av folkemusikk og folkedans skal ha ein sjølvsgd plass, og scenen i Oslo skal også vere ein sosial samlingsplass for utøvarar og publikum.

§ 4 Grunnkapital

Grunnkapitalen til stiftinga er på kr 100 000.

§ 5 Styret

Styret er det høgste organet i stiftinga og er ansvarleg for verksemda.

Styret skal vere på fem medlemmer. Dei blir oppnemnde slik:

- Styreleiar blir oppnemnd av stiftarane. Styreleiaren bør ikkje ha formell tilknytning til folkemusikk- eller folkedansmiljøa.
- Ein styremedlem med personleg varamedlem blir oppnemnd av Musikernes fellesorganisasjon i samarbeid med Norske Dansekunstnere.
- Tre styremedlemmer og tre varamedlemmer i prioritert rekkefølge blir valde av Riksscenerådet (jf. § 8).
- Styret konstituerer seg med nestleiar.

Funksjonstida til styreleiar og styremedlemmer er to år. Ved første oppnemning kan inntil to styremedlemmer med varamedlemmer bli oppnemnde for eitt år.

Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er tilstades, mellom dei anten leiaren eller nestleiar. Står røystetalet likt er røysta til den fungerande leiaren avgjerande.

Innkalling med sakliste skal sendast ut seinast ei veke før styremøta. Det skal førast protokoll frå styremøta der alle vedtak er med. Protokollen blir underteikna av styremedlemmene som er tilstades.

Styret kan delegere prokura.

Styret skal drive stiftinga i samsvar med føremålet, og skal:

- tilsetje dagleg leiar, fastsetje lønn og definere gjeldande instruks for arbeidet og ansvarsområdet til dagleg leiar.
- oppnemne kunstnarleg utval, fastsetje godtgjering og definere gjeldande instruks for arbeidet og ansvarsområdet til kunstnarleg utval.

§ 6 Dagleg leiar

Dagleg leiar er ansvarleg overfor styret, og blir tilsett for fire år om gongen med høve til fornying etter offentlig utlysing. Dagleg leiar har det daglege økonomiske og administrative ansvaret for stiftinga, har det overordna kunstnarlege ansvaret for verksemda, og skal:

- utarbeide planar og budsjett for verksemda, og årsmelding og rekneskap.
- i samråd med kunstnarleg utval stå ansvarleg for val av repertoar,
- i samråd med kunstnarleg utval stå ansvarleg for val av prosjektilsette produsentar, regissørar, utøvarar og for val av eksterne produksjonar,
- ha ansvar for kontraktfesting av prosjektilsette,
- førebu og kalle inn til møte i kunstnarleg utval,
- i samarbeid med leiar i styret førebu og kalle inn til møte i styret,
- i samarbeid med styret førebu og kalle inn til møte i rådet.

§ 7 Kunstnarleg utval

Kunstnarleg utval er eit rådgjevande organ for dagleg leiar. Kunstnarleg utval har fire medlemmer i tillegg til dagleg leiar, som er leiar for utvalet.

Kunstnarleg utval bør vere sett saman slik at utvalet samla har breitt samansett kompetanse innanfor ulike sjangrar og ulike former innanfor verkeområdet, og slik at både dans og musikk er godt representert. (Jf. § 2)

Dagleg leiar innstiller kandidatar til utvalet, som blir oppnemnt av styret.

§ 8 Riksscenerådet

Riksscenerådet er det rådgivande organet og valforsamlinga for stiftinga, og møtest normalt ein gong pr år.

Medlemmer i Riksscenerådet er nasjonale og/ eller frittstående organisasjonar og institusjonar i Noreg som arbeidar i tråd med føremålet for Riksscenen. Søknad om å bli teken opp i Riksscenerådet skal sendast til styret, som innstiller til medlemskap overfor Riksscenerådet. Medlemmer i Riksscenerådet som ikkje har møtt tre år på rad, mistar medlemskapen sin.

§ 9 Rådsmøtet

Riksscenerådet har normalt møte ein gong i året, seinast 15. mai, og innkallinga blir sendt ut seinast to månader før møtet.

Rådsmøtet blir leidd av styreleiar i stiftinga.

Riksscenerådet består av ein representant frå kvar medlem i rådet. Riksscenerådet er vedtaksført når det er innkalla på lovleg vis. Berre dei oppnemnde representantane har stemmerett på møte i rådet. Alle vedtak blir fatta med vanleg fleirtal blant dei fram møtte, bortsett frå vedtektsendringar.

Saker som ein ynskjer å ta opp på rådsmøtet, inkludert forslag til endring i vedtektene, skal vere styret i hende innan 1. februar.

Riksscenerådet skal handsame følgjande saker:

- godkjenning av nye medlemmer i Riksscenerådet,
- innkomne saker,
- val av tre styremedlemmer og tre varamedlemmer i prioritert rekkefølge til styret i stiftinga (jf. § 5),
- val av tre medlemmer til ein valkomité til førebuing av val i rådet,
- fastsetjing av styrehonorar.

Riksscenerådet skal drøfte og uttale seg om følgende saker:

- stiftinga si verksemd og drift for siste kalenderår saman med revidert rekneskap for siste kalenderår,
- budsjett og planar for komande år.

Riksscenerådet kan berre gjere vedtak i saker som er nemnde i innkallinga.

Det blir ført protokoll frå møta i rådet, der alle vedtak er med. Riksscenerådet vel sjølv to representantar til å skrive under protokollen.

§ 10 Omfram møte i Riksscenerådet

Omfram møte i Riksscenerådet skal haldast når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av medlemmene i rådet krev det. Elles gjeld dei same reglane som for vanleg rådsmøte.

§ 11 Endring av vedtekter

Endring av desse vedtektene kan berre gjerast i ordinært møte i Riksscenerådet med 2/3 fleirtal. Ordlyden av vedtektsframlegget skal takast inn i innkallinga (jf. § 9).

§ 12 Oppløysing

Tilråding om oppløysing av stiftinga må gjerast av to påfølgjande ordinære møte i Riksscenerådet, kvar gong med eit røystetal på minst 2/3 av dei som møter. Endeleg vedtak om oppløysing blir etter dette gjort av styret

Blir stiftinga oppløyst eller nedlagd, skal lagsmidelen gå til føremål som er i samsvar med føremålet for denne stiftinga.